

# Krimfest

28. september – 1. oktober 2011

ÅRETS TEMA:

I KRIG OG KJÆRLEIK

- hendingar i kjølvatnet av krig

Knut Faldbakken

Jan Mehlum

Rune Timberlid

Ragnhild Kolden

Jørgen Brekke

Vigdis Kroken



[www.krimfest.no](http://www.krimfest.no)

I år er den sjette gongen vi kan innby til litteraturfest med tema krim og spaning. Namnebytet til Krimfest Vest betyr at arrangementet får eit større nedslagsfelt – vi blir meir regionale. I år vil Selje, Florø, Stryn, Sogndal og Høyanger få sine lokale bokkveldar i tillegg til hovudarenaen Førde.

Opningskvelden blir det tradisjonelt bokbad på Quality Hotel Førde under leiing av Marit Bendz. Vår eigen Rune Timberlid presenterer si nye krimbok «Sanct Svithuns gåte», og Knut Faldbakken fortel om si rykande ferske bok «Natthagen». Ein av årets debutantar, Jørgen Brekke, vitjar oss også, og har fått strålende kritikkar for boka si «Nådens Omkrets». Arild Wærnes presenterer ein ny sjanger for oss, nemleg teikneseriekrim. Rita Eriksen trio er årets konserttilbod til vårt publikum.

Årets Krimnatt i fjøsen kan by på spanande nynorskrim frå Lom av duoen Ragnhild Kolden og Vigdis Kroken med boka «Evig skal døden vera». Jan Mæhlum stiller med boka «Straffen», for å nemne noko av programmet.

Laurdag er det bokkafé under leiing av teatersjef Terje Lyngstad. Her vil Egil Ulateig fortelje om Brenningmysteriet ut frå boka «To levende og to døde». Boka kjem i ny utgåve på Selja forlag til Krimfesten. Sverre Krüger vil gje siste nytt i «Paula-saka» frå Gloppen, og vi har mykje meir å by på. Om kvelden er det duka for ein ny omgang med det populære «Mord & Middag» på Quality Hotel Førde. Sogn og Fjordane Teater har hyra Wall & Vivien teaterproduksjon til krimgåta, medan hotellet garanterer for ein kriminelt god middag.



LIDVIN M. OSLAND  
Styreleiar



JUDITH HEGRENES  
Programansvarleg

Vi trur at KRIMFEST 2011 vil vere eit godt tilbod til mange, men skal vi lukkast med å utvikle denne litteraturfesten vidare, så er vi avhengige av at DU stiller opp!

Velkomen!

## ONSDAG 28. SEPTEMBER

### 18.00 Kveldskrimvandring med Barnas Turlag

Turen går frå Eikeland i Angedalen til den gamle fjellgarden Insteheugen. Det vert natursti og forteljing ved bålet v/barnebokforfattar Hans Sande. Kr 30 pr. person. Betaling ved startpunkt.

### 21.00 Krim-quiz på Pikant

Vinnarlaget får bokpremie og krimfestbilletter til opningskvelden!

## TORS DAG 29. SEPTEMBER

### 20.00 Offisiell opning av Krimfest Vest 2011 på Quality Hotel Førde

Billett kr 250 ved førehandskjøp i Førdehuset eller på Servicetorget. Ledige billetter kr 300 vert selde i døra.

I år byr vi blant anna på bokbad med fylkets største krimforfattar, ein kritikarrosa debutant og ein veteran. I tillegg får vi ein smakebit av ein annaleis krimvariant, og det heile vert avslutta av stemningsfull musikk ved Rita Eriksen trio.

Opningskvelden leia av Marit Bendz, let deg møte Rune Timberlid som fortel om si siste krimbok med det dramatiske forliset av «Sanct Svithun» under andre verdskrig. Vi får treffe Jørgen Brekke som debuterte som krimforfattar tidlegare i år, og eit samla kritikarkorps har omfamna «Nådens omkrets». Blant anna vert det sagt «Trondheim har fått ein krimhelt på linje med Varg Veum».


Knut Faldbakken tek også turen til Førde og er blant landets mestseljande forfattar til utlandet med nærare 2 millionar eksemplar seld til inn- og utland. Dei siste åra har han dreia



RUNE TIMBERLID



JØRGEN BREKKE



KNUT FALDBAKKEN

Foto: Morten Brun





JAN MEHLUM

sitt lange og rike forfatterskap mot krimsjangeren, og vi får høyre om hans ferske bok «Natthagen» som vert omtalt som ein «mørk, besnærende, psykologisk krim». Forutan dette, tek Arild Wærnes oss med til teikneserieuniverset og det vert utstilling i foajeen med teikneserierkrim!

## FREDAG 30. SEPTEMBER

### 10.00 Bokbakkeløp ved Angedalen skule (lukka arrangement)

Utandørs aktivitetssdag med forfattarbesøk, konkurranse og vitjing av eit lokalt kulturminne. I år deltek Bjarte Sindre som vil fortelje om bokserien sin «Odins smykke» og i tillegg vert Vassbrekkestemnet tema.

### 19.30 Krimnatt i fjøsen på Hegrenes Bruk

Gratis buss frå Quality Hotel Førde kl. 19.00. Billett kr 250 ved førehandskjøp og kr 300 ved kjøp av overskotsbilletter i døra.

Tom Roger Odland syng Bob Dylan på nynorsk, og har verkeleg sett spor hjå dei fleste tilhøyrarane med konserten «Blod på spora». Med den passande tittelen trur vi at premissane for den rette stemninga under Krimnatt i fjøsen er lagt!

Krimbestseljar og Rivertonpris-vinnar Jan Mehlum gjestar oss også under årets arrangement i Angedalen. Årets bok «Straffen», er den tolvte frittståande forteljinga i serien med den litt «rufsete» advokaten Svend Foyn.

Journalist Vigdis Kroken og bokhandlar Ragnhild Kolden frå Bøverdalen i Lom debuterte tidlegare i år med boka «Evig skal døden vera» og vitjar oss under årets Krimnatt. Forfattarane har



RAGNHILD KOLDEN  
Foto: Tove Breistein



VIGDIS KROKEN  
Foto: Rita Birkeland



med stort hell brukt lokale omgjevnader, og både ordføraren og bakaren i Lom er gjenkjennelege og har fått plass i dramaet som utspelar seg i den vesle bygda! Også Hans Sande med sine «Kjælnе kjevler» tek turen til oss, og vi er nok ein gong klare for ein rik og minneverdig kveld i fjøsen.



RITA ERIKSEN

Foto: Mona Nordøy

*Det vert sal av krimsuppe og drikkevarer. Gratis transport med buss kl. 19.00 frå Quality Hotel Førde, med retur tidlegast ein time etter programslutt. Privatbilar parkerer ved Indre Angedalen skule, og vi går samla til fjøsen ca. kl. 19.20.*

## LAURDAG 1. OKTOBER

**12.00 Bokslepp og bokkafé «I krig og kjærleik - hendingar i kjølvatnet av krig»**  
På Quality Hotel Førde. Billett kr 75 vert seld i døra

Under årets bokkafé vert det bokslepp og signering av Egil Ulateig si bok «To levende og to døde». Boka som teaterforstillinga «Brenningmysteriet» er bygd på, har vore utseld i fleire år, men kjem no i ny utgåve!

Vi får også treffe Sverre Krüger, Rune Timberlid og Ragnhild Kolden, alle i samtale med Terje Lyngstad om hendingar i kjølvatnet av krig. Vi ser nærare på «Brenningmysteriet», «St. Svithuns forlis» og «Paula Andersson mysteriet». Frå krigshistorier med lokal forankring, tek Ragnhild Kolden oss med til Trøndelag med hennar romandebut «I krig og kjærleik». I tillegg presenterer vi Bjarte Sindre som årets lokalforfattar. Florøværinger har skrivne fire bøker i den historiske romanserien «Odins smykke» med handling frå vikingtida. Innslag ved Anna Winggaard på nyckelharpe med musikk av Per Janke Jørgensen frå SoFts «Brenningmysteriet».




*Sal av salat, smørbrød og kaffi.*

## 19.00 Mord & middag - «Døden på Førde Hotel»

Billett kr 550 inkludert 3-retters middag. Førehandssal berre på Quality Hotel Førde, salet vert avslutta torsdag 29. september.

Velkomen inn i ei gåte der du får vere med å oppklare mysteriet! Det heile startar når den strenge, kvinnelege godseigaren samlar alle til ein drink i den tilsynelatande koselege peisestova på hotellet. Men kven er den merkelege personen i bakgrunnen? Eit nett av intrigar er vevne inn i denne komedien, der leietrådene vert blanda med musikk og dramatik. Skodespelet held fram under middagen, der du risikerer å ha ein suspekt karakter til bords. Nokon er myrda, kanskje er det akkurat du som sit ved sida av mordaren...?

Wall & Vivien teaterproduksjon gjestar Sogn og Fjordane Teater med det nye stykket «Døden på Førde Hotel».



## Mord & MiddagsMENY

### FORRETT

Norsk skogsopp og baconsuppe med tyttebær og crème fraîche.

### HOVUDRETT

Urtekrydra, heilstekt reinsdyrfilé med haustens grønnsaker, omnssteikte nypoteter, raudvinsaus og ripsgelé.

### DESSERT

Skogsbærostekake.

Arrangert av:



Hovudsponsorar:



Quality Hotel Førde



Andre sponsorar:



Støtta av:



# Lokale arrangement

Bokbad 1. september kl. 19.00 på Doktorgarden i Selje  
Rune Timberlid og Bjarte Sindre i prat med Edvin Helgheim.  
Minikonsert ved kulturskolen. Gratis inngang.

Bokbad 15. september kl. 19.00 på Kysten bar i Florø  
Rune Timberlid og Bjarte Sindre i prat med Edvin Helgheim.  
Minikonsert ved kulturskolen. Gratis inngang.

Bokbad 22. september kl. 19.00 på Nedrebergstunet i Stryn  
Forfatterprat mellom Rune Timberlid og Bjarte Sindre.  
Minikonsert ved kulturskolen. Gratis inngang.

Bokbad 13. oktober kl. 19.00 på Lægrelidspuben i Sogndal  
Rune Timberlid og Jan Mehlum i prat med Georg Arnestad.  
Minikonsert ved kulturskolen. Gratis inngang.

Bokbad 10. november kl. 19.00 på Joss Pub i Høyanger  
Rune Timberlid og Gunnar Staalesen i prat med Lidvin  
Osland. Minikonsert ved kulturskolen. Gratis inngang.

«Hans sanvittighet var ren.  
Han brukte den aldri»

Stanislaw Jerzy Lec

## Billettinformasjon:

Billetter kan bestillast på tlf. 57 72 19 00, kjøpast på Førdehuset, på Servicetorget til Førde kommune eller ved dørsal der dette er nemnt. Billetter til Mord & Middag vert kun seld på Quality Hotel Førde, frist 29. september.

Kontakt Quality Hotel Førde på tlf. 57 82 81 10 for tilbod på overnatting og «Krimweekend».

# KrimVest

Krimfest Vest v./ Sunnfjord Næringsutvikling, Hafstadvegen 34, P.b. 133, 6800 Førde. Tlf. 57 72 19 51

[www.krimfest.no](http://www.krimfest.no)